

OMSORGSPLANEN 2015 - 2019



Plan for ressurs- krevjande brukarar

VEDTATT 16.06.2011
REVIDERT 26.02.2015

Innhald

1.	INNLEIING	2
1.1	Statlege føringar	2
1.2	Lokale føringar.....	3
2	FORKLARING AV SENTRALE OMGREP.....	3
2.1	Ressurskrevjande brukarar.....	3
2.2	Psykisk utviklingshemma	4
2.3	Hå bebuar og vertskommune bebuar.	4
3	HÅ KOMMUNE SI ORGANISERING OG TENESTEYTING.....	4
3.1	Bustadsoversikt.	6
3.2	Brukarstyrt personleg assistent (BPA):.....	7
3.3	Omsorgsløn.	8
3.4	Avlastning i Blåbærtua og private heimar	9
3.5	Støttekontakt.....	10
3.6	Dagtilbod.	11
4	BEFOLKINGSFRAMSKRIVNING.	12
5	UTFORDRINGAR I PLANPERIODEN.	13
6	Anbefaling av tiltak.....	14
6.1	Konsekvenser økonomiplan	15

1. INNLEIING

Kommuneplanen (2014-2028) som omhandlar grupper som treng mykje pleie, omsorg eller særleg merksemd har ulike satsingsområde. Desse satsingsområda skal mellom anna følgjast opp i denne planen. Planen er rullerande, og gjeld for perioden 2015 – 2019. I tillegg dekkjer psykiatriplanen og rusverneplanen sine fagområde i forhold til kommuneplanens satsingsområde.

Ressurskrevjande brukarar er brukarar med store hjelpebehov, og som difor tek imot omfattande helse- og omsorgstenestar i kommunen. Helse og omsorgsdepartementet yt eit øyremerka tilskot til kommunar for å dekkja deler av kostnaden deira til ressurskrevjande brukarar. Formålet med tilskotet er å sikra at brukarar som krev stor ressursinnsats frå det kommunale tenesteapparatet, får ivareteke behovet sitt, uavhengig av kommunen sin økonomi.

1.1 Statlege føringar.

Helse og omsorgstenesetelova (host.) legg føringar for kommunens plikter og oppgåver i forhold til tenesteyting. Lova seier mellom anna at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen vert tilbode naudsynte helse- og omsorgstenestar. For å følgja opp dette ansvaret er kommunen plikta å tilby ulike lovbestemte tenestar, dette er heimla i host § 3 – 2.

I forhold til denne planen vert det host § 3 – 2 punkt 6 som vert føringane for kommunens krav om tilbod. Kommunen skal i følgje lova tilby:

«Andre helse- og omsorgstjenester, herunder:

- a. *Helsetjenester i hjemmet*
- b. *Personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt,*
- c. *Plass i institusjon, herunder sykehjem og*
- d. *Avlastningstiltak.»*

Utover dette fell også nokre fleire lovfesta punkt innanfor ramma til denne planen. For å ivareta personar med eit særleg tyngande omsorgsarbeid, skal kommunen ha tilbod om omsorgsløn. (Host. § 3 – 6). Vidare har kommunen ei medverknadsplikt i forhold til å bidra til å skaffa bustad til personar som ikkje kan ivareta sine egne interesser på bustad marknaden. Då bustadar for dei som treng særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det grunna alder, funksjonshemming eller andre årsaker (host § 3 – 7).

§ 3-2 første ledd nr 6 bokstav b, vert utdjupa i § 3-8 som omhandlar brukarstyrt personleg assistanse. Her seier lova at den personlege assistansen skal organiserast som brukarstyrt gjennom praktisk bistand og opplæring.

«Pasient- og brukerrettighetsloven» §1-1 skal sikra befolkninga lik tilgang på tenester av god kvalitet ved å gje pasientar og brukarar rettigheter ovanfor helse- og omsorgstenesta. Denne lova skal bidra til å fremja tillitsforholdet mellom pasient, brukar og helse- og omsorgstenesta. Vidare skal den fremja sosial tryggleik og ivareta respekten for den enkeltes pasients og brukars liv, integritet og menneskeverd.

1.2 Lokale føringar.

Kommuneplanen (2007 – 2022) legg føringar for at ein skal sikra eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov. Grupper med særskilde behov skal integrerast best mogleg i lokalsamfunnet. Ein skal gje eit heilskapleg og koordinert tilbod til brukarar med samansette behov. Desse satsingsområda skal mellom anna følgjast opp i denne planen. I tillegg dekkjer rusvernplanen og psykiatriplanen sine fagområder.

2 FORKLARING AV SENTRALE OMGREP.

Hå kommune yt som nemnt ovanfor ulike tenester for å ivareta plikter og oppgåver ein har i forhold til helse og omsorg. Psykisk utviklingshemma er ei stor gruppe av tenestemottakarane i denne planen. Innanfor psykisk utviklingshemma har ein Hå bebuarar og vertskommunebebuarar. For desse brukargruppene får kommunen ulike tilskot. I tillegg vert nokre definert som ressurskrevjande brukarar, som gjer eit tredje tilskot.

2.1 Ressurskrevjande brukarar.

Med ressurskrevjande brukar meinast ein person med store hjelpebehov, og som difor får omfattande helse- og omsorgstenestar frå kommunen. Kommunen får eit øyremerka tilskot frå staten som dekkjer delar av kommunens kostnader knytt til ressurskrevjande brukarar. Tilskotet vert gjeve ut frå kommunens lønskostnader knytt til dei brukarane som fell innanfor denne gruppa. Ved å gje kommunane tilskot, sikrar staten at kommunen får ivareteke brukarane sitt behov, uavhengig av kommunens økonomi.

2.2 Psykisk utviklingshemma.

Utviklingshemming er ei form for funksjonsnedsetjing. Verdas Helseorganisasjon (WHO) definerer utviklingshemming i klassifikasjonssystemet ICD-10 som:

«Tilstand av forsinket eller mangelfull utvikling av evner og funksjonsnivå, som spesielt er kjennetegnet ved hemming av ferdigheter som manifesterer seg i utviklingsperioden, ferdigheter som bidrar til det generelle intelligensnivået, for eksempel kognitive, språklige, motoriske og sosiale. Utviklingshemming kan forekomme med eller uten andre psykiske og somatiske lidelser.»

Vidare må ein oppfylle tre kriterier for å falla innanfor denne definisjonen. Evnenivået må vera betydeleg svekka (ein skal mentalt fungera på eit IQ nivå under 70), sosial modning og evne til å tilpassa seg skal vera betydeleg svekka. Funksjonsvanskane skal ha vist seg før fylte 18 år. (St.meld. 45 2012-2013)

Ved diagnosen psykisk utviklingshemma får kommunen tilskot for alle over 16 år, som tek imot tenester. Dette gjeld for dei som fell inn under kategorien Hå bebruar. Denne teljinga vert innrapportert til direktoratet kvar mars, med utgangspunkt i 01.01.

2.3 Hå bebruar og vertskommune bebruar.

Vertskommune bebruar er brukarar som kommunen overtok etter HVPU-reforma. Desse brukarane får kommunen eit såkalla vertskommunetilskot på. Tilskotet er pr. i dag på om lag 1,4 millionar pr. brukar. Ein føretekk teljing kvar 01.01 og rapporterer dette inn til direktoratet.

Hå bebruar er brukarar frå kommunen. Ved diagnosesetjing psykisk utviklingshemma får kommunen tilskot på om lag 500 000 kr. pr. person. Dette gjeld for alle over 16 år, som tek imot tenestar, og gjeld for Hå bebruarar, vertskommunebebruarar vert her trekte frå, sidan kommunen får anna tilskot tilført i forhold til desse brukarane.

3 HÅ KOMMUNE SI ORGANISERING OG TENESTEYTING.

Hå kommune yt som nemt innleiingsvis ulike tenestar for å ivareta plikter og oppgåver ein har i forhold til helse og omsorg. Kommunen yt difor ulike tenester som gjer det mogleg for brukarane til å bu heime hjå foreldra så lenge som mogleg. Nedanfor finn ein beskriving av dei ulike tenestane som fell innanfor rama i denne planen, såkalla støttetjenester.

Samstundes held ein oversikt over forventa pågang for bustad og andre tenester for å sikra at ein klarer handtera framtida. Noko som har gjort at etaten må endra fokus frå hovudsakleg nedtrapping til også å gjelda opptrapping i forhold til gruppa funksjons- og utviklingshemma. Og sjå korleis ein best kan utnytta ressursane ein allereie har.

Dei ulike tenestane kommunen tilbyr kan kven som helst søkja på. For å sikra ei fagleg og etisk saksbehandling er det utarbeida kriterier for tildeling av tenestane. Dette sikrar likebehandling og rettferdige sakbehandlingsprosessar. Kriteriene ligger tilgjengeleg for alle tilsette, i kommunens elektroniske internkontroll program, Kvalitetslosen. Desse kriteria er laga med utgangspunkt i lovverk.

Dagens bebuarar i Hå kommune med psykisk utviklingshemming, inndelt i alder: (pr.15.09.14)

Alder	0-10 år	11-18 år	19-67 år	68-80 år	80 år +	Sum
Boforhold						
Familie/fosterfamilie	11	16	11			38
Barnebustad	1	1				2
Bustadfelleskap			40	3		43
Sjukeheim			5	6	4	15
Bustad til pleie og omsorgsmål			4		1	5
Totalt antal:	12	17	60	9	5	103
Herav vertskommune			16	6	3	25

Tabellen viser kvar brukarane bur pr. no. Ein ser at tala viser at det kjem til nye brukarar som pr. no bur heime, som vil ha behov for bustad og tenester. Bufelleskapa er ikkje fullt dekka, dette er også nokså som kan betras, at ein startar prosessar tidlegare. Dette for å imøtekoma etterspurnad, og ikkje la bustader stå tome.

3.1 Bustadoversikt.

Bustad:	Totalt ant. plasser	Ledige plasser	Tal på verts-kommune bebuarar:	Totalt tal brukarar
Langaberget 13, Oгна	6	1	3	5
Langaberget 9, Oгна	9	4		5
Gjegnet 3, Vigrestad	8	4		4
Ævestvollmarka, Varhaug	6	0	4	6
Breidengjå, Varhaug	8	1	2	7
Eivindhagen, Varhaug	8	0		8
Vierveien, Nærbø	5	0	1	5
Austkroken, Nærbø	5	0	2	5
Austkroken, barnebustad	1	0		1
Blåbærtuå, barnebustad	1	0		1
Austringen, Nærbø	6	0		6
Hå sjukeheim, 4.etg.	16	1	12	15
Klokkartunet PU bustad	1	0	1	1
Sum:	80	11	25	69

Kommunen sine driftskostnader i 2014 var på 87 mill. for bufellesskap, barnebustader og sjukeheimsplassar. Vertskommunetilskottet utgjer om lag 40 mill. av desse. Etter kvart som vertskommunebebuarar fell ifrå, vil behovet for pleie til denne gruppa falle, og vertskommunetilskotet verta redusert tilsvarande frå statens side. Det vil seia at det ikkje vert ledige ressursar som kan frigjerast til auka tenester til andre grupper. Skal tilbodet til andre grupper kunna

betrast, er det avhengig av at kommunen har økonomisk handlefridom og kan prioritera større midlar til desse gruppene.

3.2 Brukarstyrt personleg assistent (BPA):

BPA er ein alternativ måte å organisera praktisk bistand og opplæring på for personer med nedsett funksjonsevne. Det skal gje brukarane ein større moglegheit til å kunne styra tenestane og kvardagen sjølve. BPA skal bidra til at brukarar med funksjonsnedsetting skal ha moglegheit til å leva eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv til tross for sin funksjonsnedsetting.

Når praktisk bistand og opplæring organiserast som ein BPA-ordning, er det brukaren sjølve, eventuelt med bistand, som organiserer og leiar arbeidet med assistentane. Arbeidsleiaren, brukaren sjølve, har det daglege leiaransvaret for assistentane. Det er eit krav at denne arbeidsleiarrolla vert forsvarleg ivareteken.

Rundskrivet om BPA legg til grunn desse vilkåra for å falle inn under vurderingskriteria:

- Personar med funksjonsnedsettingar
- Har samansette og omfattande tenestebehov og rett til naudsynt helsehjelp
- Behov for hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk bistand
- Behov for bistand til å delta i fritidsaktivitetar

Det er eining for heimebuande funksjonshemma som har ansvar for denne tenesta i Hå kommune, og er den som fattar vedtak.

Det lyt også takast med at det er på tale med å rettighetsfesta BPA. Det er fremja forslag om at BPA skal gå over frå å vera eit plikt tilbod frå kommunane til å verta ein rettigheit. Forslaget vert foreslått plassert som ein ny §2-1 d i 2pasient- og brukerrettighetsloven». Forslaget er til høyring, og er fremja at skal gjelda for personer under 67 år, med eit stort hjelpebehov, det vil seia minst 25-32 timar. Skilnaden dette vil medføre er at når personer oppfyller visse kriteria vil ein ha rett til BPA. Slik det er no, har kommunane handlefridom i forhold til korleis dei organiserer denne tenesta.

ANTAL TENESTEMOTTAKARAR AV BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTENT:				
ÅRSTAL	HÅ	TIME	GJESDAL	KLEPP
2011	3	5	10	0

2012	3	5	11	0
2013	3	5	11	0

Hå kommune har nytta seg av handlefridomen ein har i forhold til korleis ein yt denne tenesta. Ein ser dette av talet vårt på støttekontakt, som ligg høgt samanlikna med nabokommunane. Gjesdal markerer seg med eit høgt tal av mottakarar av BPA samanlikna med Hå, Time og Klepp. Noko ein også ser att i tala på støttekontakt, som ligg betydeleg lågare hjå Gjesdal enn dei andre tre kommunane. Dette kan tyda på at ein organiserer tenestane på ulik måte, samstundes som det sjølvstøtt er brukaravhengig kva teneste som vert mest formålstenleg i kvart tilfelle.

3.3 Omsorgsløn.

Omsorgslønsordninga er heimla i lov om kommunale helse- og omsorgstenester, § 3-6:

«Kommunen skal ha tilbud om omsorgslønn til personer som har et særlig tyngende omsorgsarbeid».

Omsorgsløn er ikkje ein individuell rettigheit innbyggjarane har, men kommunen pliktar å kunna tilby dette. Alle kan søkja, og kommunen må fatta vedtak om kva tenestar som vert tilbode for å letta søkjars omsorgsbyrde. Kommunen har plikt å tilby omsorgsløn til den som utfører eit særleg tyngjande omsorgsarbeid. Ordninga omfattar både frivillige omsorgsgjevarar utan omsorgsplikt og foreldre som har omsorgsplikt for sine mindreårige barn.

Kommunen har større moglegheit for å utøva skjøn i forhold til å gje omsorgsløn, enn med andre tenester. Ein lyt ta ei brei heilskapsvurdering, kvar omsorgsløn også vert sett i samanheng med andre helse- og omsorgstenester. Men nokre haldepunkter har ein, og følgjande grunnleggjande vilkår må liggja til grunn for at kommunen er forplikta til å gje tenesta:

- Omsorgsarbeidet må vera naudsynt, i så måte at brukaren må ha eit hjelpebehov som elles må ivaretakast av kommunen.
- Ein privatperson må ivareta eller ynskja å ivareta dette hjelpebehovet.
- Brukaren må meine at omsorg frå privat personen er best.
- Kommunen må vurdera det slik at omsorg frå privatpersonen er den beste løysinga. Formålet er at brukaren får best mogleg omsorg.
- Omsorgsarbeidet må vera så omfattande at det er særleg tyngjande.

Vurderinga om kva arbeid som fell inn under «særleg tyngjande» vert beskrive i rundskriv I-42/98 side 8, pkt. 3.1:

- Omfanget (timer pr. mnd.) og den fysiske og psykiske belastninga i arbeidet.
- Om arbeidet skjer regelmessig eller periodevis
- Om søkjaren har omsorgsplikt
- Om søkjaren har inntektstap

Avdeling for heimebuande funksjonshemma er saksbehandlarar for denne tenesta. Hå kommune har valt og bruka den høva ein har for skjønnsvurdering i forhold til tenesteytinga av omsorgsløn. Desse nemnte kriteria ligg til grunn, men ein har valt å setja strengare krav for kven som skal få tenesta omsorgsløn.

For å gje eit bilete av korleis Hå ligg an i forhold til tal på tenestemottakarar har me henta ut ulike tal frå Kostra.

ANTAL TENESTEMOTTAKARAR AV OMSORGLØN:				
ÅRSTAL	HÅ	TIME	GJESDAL	KLEPP
2011	18	22	23	19
2012	18	24	21	18
2013	18	22	22	15

Tala viser at Hå har helde seg stabile i talet på tenestemottakarar av omsorgsløn dei siste tre åra. Ved samanlikning med nabokommunane er Hå litt under tala for Time og Gjesdal, men har pr. 2013 fleire enn Klepp, som har vore den ein har vore nærast desse tre åra.

3.4 Avlastning i Blåbærtua og private heimar.

Tenesta avlastning skal gis til personar med særleg tyngjande omsorgsarbeid. Meininga er å gje personane naudsynt kvile, ferie og fritid. Når barnet er på avlastning kan foreldra/omsorgspersonar ta vare på seg sjølve, og ha tid til å gjera andre ting, eller ha betre tid til søsken.

I Hå kommune har ein både tilbod i avlastningsbustad, Blåbærtua, og i private heimar.

Avlastningsbustad, i samarbeid med eining for funksjonshemma, er ansvarlege for saksbehandlinga for desse tenestane.

ANTAL TENESTEMOTTAKARAR AV AVLASTNING:				
ÅRSTAL	HÅ	TIME	GJESDAL	KLEPP
2011	37	28	18	17
2012	22	35	18	19
2013	26	34	20	15

Tilbodet om avlastning har i Hå lege stabilt på eit snitt på 28 barn i året, fordelt som tabellen viser.

Me held oss samanlikna med nabokommunane, jamt med Time, og noko over talet i Klepp og Gjesdal.

3.5 Støttekontakt.

Ein støttekontakt er ein som bidreg til ei meningsfull fritid for andre. Støttekontakten kan bidra til å gje andre ein aktiv og meningsfylt tilvære saman med andre. Vidare kan støttekontakten brukast til å få hjelp til å delta i kultur- og fritidsaktivitetar, og bidra til å inkludera personar i frivillige lag og organisasjonar.

Tenesta støttekontakt er ei lovpålagt teneste, heimla i mellom anna lov om kommunale helse- og omsorgstenestar, der alle med behov står fritt til å søkja. Det vert føreteke ei individuell vurdering av kvar enkelt søknad. Søkjarane er ulike og behova deira er ulike, difor må også støttekontaktane vera ulike. Det vil variera i tid og omfang kvar enkelt får i vedtaket sitt, dette vurdert ut frå individuelt behov.

I Hå kommune er det i hovudsak avdeling for heimebuande funksjonshemma som saksbehandlar denne tenesta, og er ansvarlege for tilsetjing av støttekontaktar. Den enkelte avdelingsleiar har ansvar for sine bufellesskap.

ANTAL TENESTEMOTTARKARAR AV STØTTEKONTAKT:				
ÅRSTAL	HÅ	TIME	GJESDAL	KLEPP
2011	139	80	42	82
2012	132	71	44	84
2013	101	77	49	84

Støttekontakt tenesta er ei teneste ein har satt strengare kriterier for å få i Hå, over dei siste åra. Ein har vektlagt at unge og ny brukarar vert prioriterte. Og ein ser også ei utfordring i rekruttering av støttekontaktar. Sjølv om Hå kommune har endra kriteriene, og talet på brukarar har gått tydeleg ned, så ligg me godt over nabokommunane si tenesteyting. Støttekontakt timane vert også i nokre tilfelle brukte som erstatning for tenesta «heimesjukepleie bustad». Dette fell litt utanfor kriteria for støttekontakt, for det vert eigentleg ei form for miljøteneste. Men sidan Hå kommune pr. no ikkje har denne type teneste, vert støttekontakt nytta, noko som ikkje er ei fullgod løysning. Men ei forklaring på kvifor Hå ligg betrakteleg høgare enn nabokommunane.

3.6 Dagtilbod.

Utviklingshemma har ikkje ein lovfesta individuell rett til kommunalt dagtidbod/aktivitetstilbod. Det er opp til kommunen korleis ein vil sørge for å halda seg innanfor lovverket. Helse- og omsorgstenestelova, § 3-1 seier: *«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.»*

Vidare seier §3-3 tredje ledd at: *«Helse- og omsorgstjenesteloven skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemmede og andre som har behov for det.»* Korleis kommunane vel å løysa dette er i stor grad opp til den enkelte kommune.

Hå kommune har valt å gje dag tilbod til dei som ynskjer, ut frå behov og innanfor kriteria.

Dagsenteret med avdeling på Nærbø og Vigrestad er eit av tilboda som vert gjeve. Dagsenteret gir aktivitetstilbod for utviklingshemma som har behov for ytre stimuli, og som ikkje tilfredsstillar krava til den arbeidskapasiteten Jæren Industripartner krev. Hå kommune har 27 plassar fordelt på dei 3 avdelingane til Jæren Industripartner. Dagsenteret har 26 brukarar, 11 på fulltid og 15 på deltid.

Desse dagtilboda vil likevel ikkje dekkja behovet til den nye brukargruppa som er i anmarsj. Gruppa har samansette behov, og det vil vera føremålstenleg med å kunne tilby dei eit tilbod på dagtid. Det er ei viktig gruppe å sysselsetja, for å unngå utagering/rusbruk og negativ åtferd, som vil kunne gje samfunnsmessige konsekvensar.

4 BEFOLKINGSFRAMSKRIVNING

Innbyggjarvekst i Hå

Sum of Antall Radetiketter	2014	2015	2016	2017	2018	2019
0 år	277	286	293	300	307	314
1-2 år	563	559	578	595	609	623
3-5 år	939	930	908	880	888	915
6-12 år	1849	1930	2007	2064	2131	2179
13-15 år	762	775	771	804	808	817
16-19 år	1077	1076	1073	1065	1043	1064
20-44 år	6623	6779	6957	7133	7297	7427
45-66 år	4427	4553	4653	4785	4934	5027
67-79 år	1373	1430	1524	1582	1631	1712
80-89 år	458	469	462	467	479	509
90+ år	135	131	134	131	131	129
Totalsum	18483	18918	19360	19806	20258	20715

Hå kommune, ved avdeling for heimebuande funksjonshemma, har samla ca. 100 tenestemottakarar utanom vertskommunebebuarane. Det utgjør 0,5 % av befolkninga. Det talet stemmer rimeleg godt med det ein finn i andre kommunar. Med ei forventa befolkningsvekst fram til 2019 på 2232 personar vil dette utgjera 11 personar. Det vil seie ei auke i overkant av 2 personar per år.

Tabellen (s.6) viser eit bilete av dagens bebuarar inndelt i alder. Her framkjem det tydeleg at ei stor gruppe brukarar framleis bur heime hjå foreldra, sjølv om dei er over 18 år. Ein lyt ta utgangspunkt i at mesteparten av desse vil trenga ein bustad i kommunal regi, med ulik grad av andre tenester.

Kommunen må foreta ei vurdering over bustadfordelinga som føreligg, slik at ein kan frigjera bustader som er tilknytt personalbaser til dei som treng det mest. Kommunen er oppteken av å ivareta kvar enkelt ut frå deira føresetningar og behov, og lyt difor ta kritiske vurderingar av løysningar ein har no, og korleis ein best mogleg kan utnytta eksisterande kapasitet.

Pr. i dag har kommunen 2 bufellesskap som ikkje har stadleg tilsyn. Her er det bemanna dag og kveld alle dagar. Det lyt også her takast vurdering på om nokre av bebuarane kunne ha budd i bustad utan bemanning, men med miljøteneste. Dette vil frigjera bustader for dei som bur i døgnbemanna bustader i dag, og som ikkje har behov for nattevakt. Og då igjen frigjera døgnbemanna bustader til nye søkjarar. Pr. i dag har kommunen eit fåtal det vil vera aktuelt for å flytta frå døgnbemanna til berre dag/kveld bemanna.

I forhold til nye søkjarar har etaten laga kriterier for tildeling av tenesta omsorgsbustad for psykisk utviklingshemma. Her framkjem det at behovet for tilsyn og hjelp må vera av ein så omfattande karakter at det er behov for bustadtilbod som ikkje kan dekkjast av heimebaserte tenestar. Vidare lyt ein vurderer kvar einskild sitt behov om det skal vera bustad med eller utan stadleg tilsyn.

For å kunne fatta vedtak vil ein føre ta ei grundig faglig vurdering, med utgangspunkt i IPLOS og diagnoser. Ein vurderer grundig omsorgsbehovet vedkomande har og då kva type bustad som er naudsynt. Vidare skal følgjande forhold vurderas ved søknad:

- Funksjonsnivå (diagnose)
- Belastning på øvre familie/avlastningsbehovet
- Sosial støttetiltak, eks. dagsenter
- Alder
- Livssituasjon

Av dei 43 som pr. i dag bur i bufellesskap må ein vurderer om enkelte kan flytta ut til omsorgsbustader utan stadleg tilsyn. Men at dei då får miljøteneste dagleg. Av desse 43 brukarane vil ein også flytta dei eldste til 4.etg. ved Hå sjukeheim ved ledig kapasitet.

Pr. i dag er det 11 ledige bustader. 3 av desse er tildelt, og innflyttinga vil skje i løpet av 2015. Ein vil elles nytta seg av desse ledige bustadane til ei intern flytting av bebuarar ut frå kva som vil vera mest føremålstenleg. Og vidare då skaffa seg ein oversikt over kva type bustader ein har ledig, for vidare leggja plan for utnytting av desse.

5 UTFORDRINGAR I PLANPERIODEN.

Veksten av befolkninga medfører ein vekst i alle brukargrupper. Innanfor området ressurskrevjande brukarar vil ein merka veksten både reint ressursmessig med personell, men ikkje minst økonomisk. Kommunen har ei stor utfordring i korleis ein skal handtera fråfall av vertskommunebebuarar. Ved fråfall av vertskommunebebuar mister kommunen ca. 1,4 millionar i tilskot. Ein antek at ein vil ha eit fråfall på 2 brukarar pr. år. Dette inneber at ein mister tilskot på 2,8 mill. pr. år.

Gruppa av funksjons- og utviklingshemma aukar i nokre prosent år for år. Det ein ser er at ei ny gruppe er i sterk anmarsj. Dette er ei brukargruppe med samansette behov, som krev stor grad av tilpassing i kvardagen. Kommunen tenkjer det vil vera formålstenleg å oppretta ei eiga teneste for å ivareta denne brukargruppa, som ein vil kalla «miljøteneste».

Med «miljøteneste» så meiner vi ein teneste som er tiltenkt å erstatta noverande «heimesjukepleie bustad». Denne brukargruppa har behov for vegleiing og tilrettelegging i kvardagen, då i forhold til oppgåver som til dømes hjelp til å stå opp om morgonen, hjelp til å koma seg på arbeid, følgja til lækjar/tannlækjar, hjelp til handling og økonomisk vegleiing. Også andre oppgåver som kosthaldvegleriing, ei generell oppfølging i kvardagen, for å meistre daglegdagse oppgåver.

Ein har i førre planperiode lagt ned eit bufellesskap, dette ynskjer ein ikkje gjera i denne planperioden. Det ein ser er at i denne planperioden kan ein få driftsutgiftene ned ved å ta endra bufellesskapet Breidengjå frå døgndrift, til å vera handtert av ein miljøteneste. Pr. i dag er det denne bustaden som har flest bebuarar som kunne ha klart seg i eigen bustad med tenesta «miljøteneste».

Kommunen får tilført ressursar via rameoverføring frå staten til brukarar som har diagnosen psykisk utviklingshemma, som er over 16 år, og som får tenestar frå kommunen. For vertskommune bebuarar får kommunen eige tilskott via rameoverføring. Kommunane kan søkja refusjon for utgifter over et vist beløp for særleg ressurskrevjande brukarar, difor er det viktig at ein har fokus på gode vedtak. At ein får fram all ressursbruk knytt til den enkelte ressurskrevjande brukaren. Dette gjeld for brukarar mellom 16 – 67 år. Ein må også ha fokus på diagnosesetjing. Det kan og søkas refusjon for ressurskrevjande vertskommunebebuarar, beløpet kommunen får overført i ramen pr. brukar vert då trekt frå.

Ei anna utfordring som er meldt, men ikkje vedteke er å rettighetsfesta BPA, som nemnt tidlegare. Ved å rettighetsfesta BPA vil kommunane mista handlefridomen ein nyttar seg av no, i forhold til korleis tenesta vert gjeven.

6 Anbefaling av tiltak.

- Fokus på saksbehandling og tenesteyting: Fokus på god saksbehandling, med opplæring og oppfølging av saksbehandlarar.
- Miljøteneste: Oppretta «miljøteneste» som eit tenestetilbod i Hå kommune. Dette vil vera ei dekkjande og god teneste for denne brukargruppa, og vil føra til at fleire kan bu for seg sjølve i omsorgsbustader. Og at fleire kan klara seg utan bustad med nattevakt.
- Rutine på at ein sikrar talet på kommunens utviklingshemma kontinuerleg er oppdatert, sørgje for å ha diagnosen registeret i EPJ-systemet vårt CosDoc. (EPJ = elektronisk pasient journal).

- Førebu organisering av eventuelt rettighetsfesta BPA som er på høyring, som er forventa vert vedteke. Skal opp politisk.

- Dagtilbod: Dagens dagtilbod tilfredsstillar ikkje behova som kjem. Dette er heller ikkje ei lovpålagt teneste. Men konsekvensen av å ikkje ha eit tilfredsstillande tilbod, vil føra til auka bemanning i enkelte bustader, eller at overskotsenergi hjå enkelte brukarar slår ut i negativ åtferd i form av rus og utagering. Det lyt difor leggjast ein plan på korleis ein kan ivareta denne gruppa i forhold til tilbod på dagtid.

6.1 Konsekvensar økonomiplan

Nedtrappingsplan:

	2015	2016	2017	2018
Anslag nedtrapping	- 1,5 mill.	- 3 mill.	- 3 mill.	- 3 mill.

Det vert trekt 1,5 mill. i rama til kommunen per vertskommunebebuar som fell ifrå. Det er allereie konstatert fråfall som fører til rametrekka i 2015 og etterfølgjande år. Det kan kome fleire fråfall som får konsekvensar for 2016. Basert på helse til øvre vertskommunebebuarane, er det rimeleg å anta 2 fråfall i 2015 og 2016 som fører til rametrek i 2017 og 2018. Det forventas totalt ei nedtrapping på 10,5 mill. i planperioden.

Forlenging av opptrappingsplanen i økonomiplanen:

	2015	2016	2017	2018
Opptrapping Hå sjukeheim 4 etg.	750'	750'	750'	750'

Det ligg allereie ein opptrappingsplan i økonomiplanen på 750 KNOK per år. Ynskjer ei forlenging av planen til 2018.

Opptrappingsplana minka kutta i planperioden frå 10,5 til 7,5 millionar kr. For å klare å kutte 7,5 MNOK i planperioden føreslås det å endra eit av bufellesskapa frå døgndrift til å vera handtert av ein miljøteneste. Nokre av bebuarane vil kunna bu att, medan nokre må flyttast til bustader med meir bemanning. Ein må sjå internt på kva flyttingar som vert mest føremålstenleg.

Avvikling av døgndrift i eit bufellesskap kan gje eit kutt på 3,75 mill. årlig. Planleggast per 1/1-2016. Om ein kuttar i bemanninga der ein har fått færre bebuarar kan det gje ei samla sparing på 3,75 mill.

Det betyr at aukinga av personer med behov for meir omfattande tenestar ikkje vil få plass i bufellesskap i planperioden med mindre det er eit fråfall blant Hå-bebuarane.

	2015	2016	2017	2018	SUM
Kutt bemanning med færre bebuarar	750'		750'	2,25 mill.	3,75 mill.
Legga ned døgndrift i eit bufellesskap		2,25 mill.	1,5 mill.		3,75 mill.
SUM	750'	2,25 mill.	2,25 mill.	2,25 mill.	7,5 mill.

Miljøtenesta må finansierast av noko av restbemanninga frå bufellesskap med nedlagt døgndrift. Alle tal i denne planen må samordnast med andre behov i kommunen og vedtakast i økonomiplanen.